


AUGUST OG SEPTEMBER

Skrive- og teikneaktivitetar



Aktivitet 1: Drakehistorie

Sjå filmen frå Tim på nettsida vår og fortel oss om din favorittdrake. Kva kan han? Kor bur han? Kva kan de gjere saman? Korleis ser han ut? Skriv og teikn til oss!

Aktivitet 2: Namnekonkurranse!



Maskoten vår har snart vore med oss i eit heilt år – men han har ikkje fått noko namn! Fortel oss kvar han kjem frå og kva han heiter. Beste namneforslag får premie! Tenk gjerne kreativt! Forslag til aktivitetsark her:

Til inspirasjon:

Drakar er det einaste fabeldyret menneske over heile verda har trudd på. Drakar er med i mange eventyr. Dei kan ha magiske krefter. Nokre drakar vaktar skattar og slott, andre er snille og likar å vere vener med barn.

Dei kinesiske drakane er kanskje mest kjende, men til og med her i Noreg trudde vikingane på drakar, og pynta båtane sine med dei.

Kva kan de **finne ut** om drakar? Kva veit barna om drakar frå før?

Les bøker om drakar saman med barna. Legg fram drakebøker på SFO slik at barna sjølv kan lese om dei.

Sjekk gjerne ut bøker som «Dr Ernest Drakes drakologi – den komplette bok om drakar» og «Bygg en drage». Begge bøkene er skrivne av Dugald Steer. La barna bruke desse bøkene som oppslagsverk når dei jobbar med temaet.

Siste sjanse - Bli ein ekte forfattar!

Send inn historia eller teikninga di frå aktivitet 1 og/eller 2 til sfo-tidforlesing@uis.no, og få forfattar- eller illustratørdiplom i retur frå oss!

Bidraget ditt kan bli trekt ut til å vere med i SFO-boka ved slutten av året – **i så fall må du sende inn innan 27.09.25!** Draketemaet er det siste temaet vi tar imot før boka sendast til trykkeriet.

Hugs å sende med fullt namn, klassetrinn og kva for SFO du går på.


Du kan òg sende per post: Nasjonalt lesesenter, Universitetet i Stavanger, Postboks 8600, 4036 Stavanger





AUGUST OG SEPTEMBER

Aktivitetar



Forslag til aktivitetar – måtar å leike med temaet for å auke interessa blant barna. Leik er ein god veg inn i bøkene!

- **Drakeeggjakt:** Kok egg og mal dei grøne, gå på drakeeggjakt. Eventuelt lag dei i papir.
- **Drakemasker:** Lag drakemasker. Bruk det de har av materiale, ver kreative! Alt materiale kan brukast når ein lagar drakemaske – her er det ingen reglar! Drakar likar gjenbruk! Lag drakemaske eller drakeluer med kartong og strikk.
- **Drakeball:** Ein variant av stikkballe der «draken» skal fange heltane.
- **Drakegøymeleik:** Ein klassisk gøymeleik, men «draken» skal leita etter heltane som gøymar seg i eit slott (uteområde eller rom).
- **Hinderløype:** Drakens rike: Kryp gjennom holer, hopp over lava og redd skatten. Kan gjerast inne og ute.
- **Lag egne drakar:** Teikn og mal fantasidrakar. Bruk papp, fjør, glitter og stoff.
- **Mal steinar som drakeegg:** Glansmaling eller glitter for magisk effekt.
- **Bygg ein drakeborg eller drakeholer av pappesker:** La barna bruke store esker, maling og fantasien.
- **Bak drakeegg:** Bak små bollar eller rundstykke og tilset konditorfarge.
- **Lag drakens flamme-fruktspyd:** Lag fruktspyd med raude, oransje og gule frukter (jordbær, mango, melon) som ser ut som eld.
- **Brett din eigen drake** - Her er dømme til mal de kan bruka samt videoforklaring:
- **Bygg drakeskjelett:** Søk opp «drakeskjelett» på nett og vis barna bilete av treffa. Klarar de å byggje egne drakeskjelett av kvistar, tråd eller teip?
- **Ha drakekonkurranse:** La barna byggje egne drakar, eller ta med heimanfrå – kven kan fly han høgast?



Engasjer barna!

Desse aktivitetane vil engasjere barnas fantasi, kreativitet og fysiske ferdigheiter, samtidig som dei har det moro med draketemaet!

Boktips

AUGUST OG SEPTEMBER



Tematiske boktips

La barna lese bøker relatert til tema i august og september! Her er eit knippe bøker som passar for ulike aldrar. Les høgt for dei barna som ikkje kan lese sjølv!



Månedens boktips

- **Det er ingen drager i dette eventyret** av Lou Carter
- **Brage tenner så det brenner!** av Robert Starling
- **Zog** av Julia Donaldson
- **Krokodillen som ikke likte vann** av Gemma Merino
- **Drager elsker taco** av Adam Rubin
- **Dragejakten** av Bjørn Ousland
- **Den underlege draken** av Katie Daynes
- **7 historier om drager** av Iselin Røsjø Evensen (red)
- **Forrådt (første bok i Dragens øyeserien)** av Charlotte Sandmæl
- **Jorddragen våkner** av Tracy West og Graham Howells
- **Drage** av Sveinung Lutro
- **Ellinor finner et drageegg** av Camilla Victoria Storm
- **Lukas er dragekriger** av Dorthe Skytte og Kim Dalsgaard
- **Flink drage** av Bjørn Ousland
- **Bygg en drage** (fakta- og aktivitetsbok)

